Send skjemaet til statsforvaltaren i det fylket der personen som treng verje, er folkeregistrert.

GA-8025 N

# Søknad om verjemål (eller endringar i eksisterande verjemål)

Dette skjemaet skal brukast dersom det er behov for å opprette eit verjemål for ein vaksen. Skjemaet skal også brukast dersom det er behov for å endre eit eksisterande verjemål.

**Generell informasjon om søknad om verjemål:**
Ein søknad om verjemål skal sendast inn dersom ein person treng hjelp, eller dersom ein reknar med at personen treng hjelp, til å ta hand om sine eigne økonomiske eller personlege interesser på grunn av den psykiske tilstanden eller funksjonsevna til personen. Søknad om verjemål kan sendast inn av personen sjølv, nære pårørande, han eller ho som er verje dersom personen allereie er sett under verjemål, eller av behandlande lege eller tilsynslege. Statsforvaltaren i fylket der personen er folkeregistrert, behandlar søknaden. Dersom det er snakk om å ta den rettslege handleevna heilt eller delvis frå personen, skal tingretten behandle saka. Dersom vedkommande har behov som kan dekkjast ved andre og mindre inngripande ordningar, f.eks. faste oppdrag i bank, fullmakt, forvaltning av pensjon og trygd gjennom NAV eller disponering av kontantytinga for langtidspasientar ved institusjon, skal ein først velje slike ordningar.

**Tilstandar som kan danne grunnlag for søknad:**
Etter lov av 26. mars 2010 nr. 9 om vergemål (verjemålslova) § 20, kan følgjande medisinske tilstandar eller diagnosar vere grunnlag for søknad om verjemål: sinnsliding, demens, psykisk utviklingshemming, rusmiddelmisbruk, alvorleg speleavhengnad eller alvorleg svekt helse. *Sinnsliding* blir brukt som ei samlenemning og omfattar i tillegg til *demens* ulike former for psykosar, medrekna bipolar liding og schizofreni, og andre typar mentale lidingar eller åtferdslidingar som har oppstått som følgje av skade, sjukdom eller stoffbruk. Personar med ulike gradar av autisme vil også kunne omfattast av reglane som følgje av forstyrringar i den psykologiske utviklinga. *Psykisk utviklingshemming* omfattar bl.a. personar med Downs syndrom. *Rusmiddelmisbruk* omfattar misbruk av alle ulike typar rusmiddel. *Alvorleg speleavhengnad* krev eit omfang som inneber at vedkommande ikkje er i stand til å ta hand om forpliktingane sine. *Alvorleg svekt helse* skal dekkje alle former for fysiske svekkingar som kan føre til at ein person ikkje maktar å ta hand om interessene sine.

**Dekning av godtgjering til verja og nødvendige utgifter som verja har:**
Det er som hovudregel den personen som får oppnemnt ei verje, som dekker godtgjering og utgifter. Les meir om dette på www.vergemal.no.

Skjemaet må fyllast ut så fullstendig som mogleg og sendast til statsforvaltaren i det fylket der personen som treng verje, er folkeregistrert.

## 1 Informasjon om person med behov for verje eller endringar i verjemålet

| | |
|---|---|
| Fornamn: | Fødselsnummer: |
| Mellomnamn: | |
| Etternamn: | |
| Folkeregistrert adresse: | |
| Postnummer | Poststad: |
| Eventuelt noverande/anna adresse: | |

| Postnummer: | | Poststad: |
|---|---|---|
| Telefon: | Mobil: | E-post: |

Sivilstand:

☐gift ☐ugift ☐sambuar ☐reg. partnar ☐separert ☐skild ☐enke/enkemann ☐attlevande partnar ☐ukjend

Dersom personen er enke/enkemann:

☐skifta bu ☐uskifta bu

Dersom personen er separert:

Er ektefellebuet skifta? ☐ja ☐nei

## 2 Ny søknad eller søknad om endring i eksisterande verjemål

Søknaden gjeld:

☐ Nytt verjemål ☐ Endring i eksisterande verjemål

Ved endring i eksisterande verjemål, forklar kort kva endringa gjeld. Fyll eventuelt ytterlegare merknader inn i punkt 11. Dersom det er ønske om ny verje, gi opp forslag til ny verje i punkt 10.

## 3 Buform

Søknaden gjeld ein person med buform av typen:

☐sjølveigarbustad ☐husvære i burettslag ☐leigeforhold ☐institusjon ☐anna (spesifiser nedanfor)

Dersom buform er sett til anna, spesifiser her:

## 4 Informasjon om den som sender inn søknad om verjemål

Ein søknad om verjemål kan sendast inn av:

a) vedkommande sjølv
b) ektefelle, sambuar, foreldre, næraste livsarving eller søsken til personen
c) verja, dersom personen allereie har verjemål
d) behandlande lege eller tilsynslege ved helseinstitusjon der personen er innlagd eller bur

Jf. verjemålslova § 56.

| Fornamn: | Fødselsnummer: |
|---|---|
| Mellomnamn: | |
| Etternamn: | |
| Adresse: | |
| Postnummer: | Poststad: |

| | | |
|---|---|---|
| Organisasjon: | | Org.nr: |
| Postnummer: | | Poststad: |
| Telefon: | Mobil: | E-post: |
| Tilknyting til person med behov for verje: | | |

## 5 Pårørande – næraste familie og nærståande til personen med behov for verjemål

Dersom det er fleire nære pårørande, bør det peikast ut ein hovudkontaktperson blant pårørande. Dersom det skal førast opp fleire nære pårørande enn det er plass til, kan merknadsfeltet i punkt 11 brukast. Sjå nærare verjemålslova §§ 34 og 94 om kven som blir rekna som «nærståande».

| | | |
|---|---|---|
| Fornamn: | | Fødselsnummer: |
| Mellomnamn: | | |
| Etternamn: | | |
| Adresse: | | |
| Postnummer: | | Poststad: |
| Telefon: | Mobil: | E-post: |
| Tilknyting til personen med behov for verje: | | |
| | | |
| Fornamn: | | Fødselsnummer: |
| Mellomnamn: | | |
| Etternamn: | | |
| Adresse: | | |
| Postnummer: | | Poststad: |
| Telefon: | Mobil: | E-post: |
| Tilknyting til personen med behov for verje: | | |
| | | |
| Fornamn: | | Fødselsnummer: |
| Mellomnamn: | | |

| | | |
|---|---|---|
| Etternamn: | | |
| Adresse: | | |
| Postnummer: | | Poststad: |
| Telefon: | Mobil: | E-post: |
| Tilknyting til personen med behov for verje: | | |
| | | |
| Fornamn: | | Fødselsnummer: |
| Mellomnamn: | | |
| Etternamn: | | |
| Adresse: | | |
| Postnummer: | | Poststad: |
| Telefon: | Mobil: | E-post: |
| Tilknyting til personen med behov for verje: | | |
| | | |
| Namn på hovudkontaktpersonen blant pårørande: | | |
| Anna: (her kan du f.eks. gi opp om dei pårørande er einige) | | |

## 6 Nærare om behov for verjemål – Kva antar ein at personen treng hjelp til?

Her opplyser du om kva du antar er bistandsbehovet til personen det blir søkt om verjemål for.

Grunnlag for søknad om verjemål (fleire kryss er mogleg):

☐ Ta hand om dei personlege og økonomiske interessene for personen
☐ Ta hand om interessene personen har på det økonomiske området
☐ Ta hand om interessene personen har på det personlege området
☐ Verje etter anna lovgiving (f. eks. abortlova, steriliseringslova eller lov om forsvunne personar) (spesifiser nedanfor)
☐ Behov for å ta den rettslege handleevna frå personen

| | | |
|---|---|---|
| ☐Skifte av dødsbu | ☐Separasjon/skilsmissebu | ☐Utleige/oppseiing av bustad |
| ☐Rettssak | ☐Utskriving frå institusjon | ☐Verje etter helse- og omsorgstenestelova kap. 9 |
| ☐Sal av bustad | ☐Anna (spesifiser nedanfor) | |

Her kan du forklare meir detaljert kva det trengst hjelp til, og spesifisera om det er behov for verje etter anna lovgiving:

## 7 Opplysingar om lege eller annan sakkunnig

Lege skal sende inn erklæring på eige skjema, Skjema 2021/1 «Erklæring frå lege/annan sakkunnig». Fyll ut punkt 7 dersom slik erklæring ikkje er lagt ved søknaden om verjemål.

| | |
|---|---|
| Namnet til legen (fastlege/tilsynslege): | |
| Arbeidsstad: | |
| Adresse: | |
| Postnummer: | Poststad: |
| Telefon: | E-post: |

## 8 Fysisk eller psykisk funksjonsevne/tilstand (Fleire kryss er mogleg)

Endeleg diagnose skal gå fram av legeerklæringa (sjå pkt 7). Så langt det er mogleg for den som sender inn søknaden, må ein her likevel gi detaljerte opplysningar om den medisinske tilstanden til personen med behov for verjemål. Sjå elles avsnittet «Tilstandar som kan vere grunnlag for søknad» i innleiinga til dette skjemaet.

| | | |
|---|---|---|
| ☐Sinnsliding | ☐Psykisk utviklingshemming | ☐Alvorleg speleavhengnad |
| ☐Demens | ☐Rusmiddelmisbruk | ☐Alvorleg svekt helse |

Gi ei nærare framstilling av den fysiske og/eller psykiske tilstanden til personen som har behov for verje (må fyllast ut):

Grunngi kvifor søknaden blir sendt inn (må fyllast ut):

## 9 Samtykke frå personen med behov for verjemål

Samtykke frå den personen som har behov for verjemål, blir som hovudregel gitt i eit eige skjema, GA-8027 «Samtykkeerklæring». Dette sender saksbehandlaren hos statsforvaltaren ut etter at søknaden om verjemål er mottatt, eller det kan lastast ned frå www.vergemal.no. Dersom personen som har behov for verje, er i stand til å forstå kva eit samtykke til verjemål inneber, eller dersom vedkommande sjølv krev verjemålet, kan vedkommande gi samtykke til å opprette verjemålet her.

Eg samtykker med dette:

- ☐ i sjølve opprettinga av verjemålet
- ☐ til omfanget av verjemålet / det som blir mandatet for verja (ut ifrå det som er ønskeleg/kjent)
- ☐ til sjølve valet av verje
- ☐ til at statsforvaltaren forvaltar finansielle eigedelar (som personen sjølv elles skal disponere over)

Dato, stad, signatur frå personen med behov for verje:

## 10 Forslag om verje

Ei verje må være skikka til å ta hand om interessene til personen ut ifrå det han eller ho treng. I tillegg må verja vere over 18 år og ikkje sjølv trenge eller allereie har verje.
Statsforvaltaren vil kontrollere om han eller ho er skikka, og kan blant anna hente inn ei kredittvurdering av verja. Dersom verja ikkje er nærståande til personen med behov for verjemål, skal verja leggje fram politiattest, jf. verjemålslova §§ 26 og 28, og forskrift til vergemålsloven av 15. februar 2013 nr. 201 (verjemålsforskrifta) § 15.

Dersom det ikkje finst klare grunnar til å la vere, bør ein ektefelle eller ein sambuar oppnemnast som verje, jf. verjemålslova § 28, sjå også §§ 26 og 27. Det er statsforvaltaren som tar den endelege avgjerda om kven som skal oppnemnast som verje.

| | |
|---|---|
| Fornamn: | Fødselsnummer: |
| Mellomnamn: | |
| Etternamn: | |
| Adresse: | |

| | | |
|---|---|---|
| Postnummer: | | Poststad: |
| Telefon privat: | Telefon arbeid: | Yrke: |
| E-post: | | |
| Tilknyting til personen med behov for verjemål: | | |
| Er verja spurd?<br><br>☐Ja ☐Nei | | |
| Samtykke frå foreslått verje:<br>*Eg samtykker i å vere verje for personen nemnd over i punkt 1.* | | |
| Dato: | Stad: | Underskrift frå den ønskte verja: |

## 11 Eventuelle merknader eller tilleggsopplysningar

## 12 Underskrift

| | | |
|---|---|---|
| Dato: | Stad: | Underskrift frå søkjaren: |